



Stiftelsen for en Kritisk og Undersøkende Presse

Årsmelding 2008 frå styret

Til handsaming på SKUP sitt årsmøte den 20. mars 2009

«SKUP skal være den ledende aktøren i arbeidet med å fremme utvikling av den undersøkende journalistikken, og være en aktør i den journalistikkfaglige debatt i Norge.»

Visjon og målsetjing – frå handlingsplanen 2007-2009

I **VEDTEKTENE** heiter det at "*stiftelsens formål er å inspirere til undersøkende journalistikk i redaksjonene*", på følgjande måtar:

- *Ved å sørge for at det minst en gang i året holdes et landsomfattende seminar om undersøkende journalistikk.*

- *Ved å arbeide for at det blir gitt ut et fagtidsskrift.*

- *Ved å bidra til at det beste undersøkende journalist-prosjektet hvert år blir premiert.*

- *Ved å fremme samarbeide mellom journalister i Norge og internasjonalt.*

VISJONEN ER AT SKUP skal vera den leiande aktøren i arbeidet med å fremje utviklinga av den undersøkende journalistikken, og vera ein aktør i den journalistfaglege debatten i Noreg.

Samstundes må arbeidet styret set i gang med bakgrunn i handlingsplanen og øvregge skisser, vurderast opp mot dei økonomiske rammevilkåra til ei kvar tid.

«SKUP skal være den ledende aktøren i arbeidet med å fremme utvikling av den undersøkende journalistikken, og være en aktør i den journalistikk-faglige debatt i Norge.»

HANDLINGSPLANEN er i så måte eit styringsdokument, der årsmøtet rettleiar styret på kva som bør prioriterast.

SKUP held fram som stifting, og hovudoppgåva vil framleis vera den årlege SKUP-konferansen.

LIKEVEL ER DET viktig å nytte det potensialet som ligg i SKUP sine visjonar om å nå fleire enn dei ein når gjennom konferanse-verksemnda aleine. Difor ynsker SKUP-styret å bidra til debattar og seminar lokalt, for å styrke stiftinga sin aktivitet og fagtilbod innan undersøkende journalistikk mellom konferansane.

Med ansvaret for avviklinga av GIJ 2008, er det naturleg at eit sterkt fokus også vil vera knytt til å styrke stiftinga sitt internasjonale samarbeid i åra som kjem.

SKUP-STYRET er glade for å få vidareføre stiftinga sitt nære og gode samarbeid med Fritt Ord, Institutt for Journalistikk, Internasjonal Reporter, Norsk Journalistlag og Norsk Redaktørforening.

Dei styrande organa i SKUP

SKUP-styret

På årsmøtet i Stiftelsen for en Kritisk og Undersøkende Presse vart følgjande personar valde inn i styret:

Leiar Håkon Haugsbø (NRK), nestleiar Heidi Molstad Andresen (Dagbladet), styremedlemene Jan Gunnar Furuly (Aftenposten), Maria Konow Lund (Høgskolen i Lillehammer), Hanna Førland (NRK), Gøril Engesvik (Trønder-Avisa), Elin Svendsen (Østlandets Blad/Romerikes Blad), Rolf Widerøe (VG) og Atta Ansari (NRK) og Ingvild Rugland (Bergens Tidende). Til varamedlemer vart Eirik Veum (NRK), Eva Grinde (Dagens Næringsliv) og Kjell Persen (TV2), Hege Moe Eriksen (Nyvald, NRK) og Grete Holstad (Nyvald, Adresseavisa) valde.

« Det har vore eit ekstraordinært arbeidspress på styret i perioden.»

Maria Konow Lund og Kjell Persen fekk permisjon frå sine verv det siste halvåret. Regimedarbeidar Frode Søreide har møtt på styrets møtar i 2009.

Styret har hatt 14 styremøte i perioden, inkludert ei helgesamling på Koster. Dei to siste åra har møtetalet vore 22 og 18. To av møtene har vore heildagsmøter, noko som har passa styremedlemma betre enn kveldar og helgar. Det har vore eit mål å redusere talet på kveldsmøte. Møta har vorte haldne i Aftenposten sine lokale. Styret har ved fire høve fatta vedtak ved avstemming via epost.

Representantskapen har vore særskilt kalla inn til styret sine møte i mai og januar.

Det har vore eit ekstraordinært arbeidspress på styret i perioden, grunna avvikinga av GIJ, i sær på enkeltmedlem. Færre møte gjer også at mykje arbeid fell på styrets sine medlem mellom møta.

Det har dessutan vore møte i ymse underutval og grupper, knytt til arbeidet med GIJ 08, konferanseprogrammet, hotellavtalar og teknisk avviking.

Styret har vore samansett av ni kvinner og seks menn, kvinnedelen har altså vore på 60 prosent.

Styret har i 2008, med unnatak av to sommarmånader, hatt Lars Nehru Sand tilsett som sekretariatsleiar i 60 prosent stilling.

GIJ har fram til 1. oktober hatt Bibiana Dahle Piene tilsett som sekretariatsleiar i 50 prosent stilling, med 100 prosent de siste tre vekene før konferansen.

Dessutan vart Jan Gunnar Furuly kjøpt fri frå sin arbeidsgjevar i til saman to månader i løpet av perioden juni-september i samband med GIJ. Den fyrste månaden vart betalt av arbeidsgjevar, medan den andre vart betalt av SKUP.

Representantskapen

SKUP sitt årsmøte valde følgjande personar som medlem i SKUP sitt representantskap:

Leiar Line Noer Borrevik (Stavanger Aftenblad), Ståle Hansen (NRK Brennpunkt), Bent Botten (Sunnmørsposten / Tidens Krav), Une Bratberg (Vårt Land), Astrid Aure (Kvinner og Klær), Svein Bjørnerem (Romsdals Budstikke), Cecilie Ellingsen (NRK Brennpunkt), Per Anders Johansen (NRK/Aftenposten), Harald Stanghelle (Aftenposten), Trond Sundnes (Dagens Næringsliv), Renie K. Thorleifsson (NRK Brennpunkt), Trine Østlyngen (IJ), Nils E. Øy (Norsk Redaktørforening), Alexander Øystå (Vi Menn), Jan Ove Årsæther (TV2), Nina Johnsrud

(Dagsavisen), Anne Hafstad (Aftenposten), Anne Thurmann-Nielsen (Dagbladet), Mats Lillesund (Computerworld), Marianne Ruud (Utdanning), Kåre M. Hansen (Finnmark Dagblad/Finnmarken), Trond Idås (NJ), Espen Reiss Mathisen (Nyvald, Universitetet i Stavanger), Kjetil Stormark (Nyvald, Laagendalsposten / Dalane), Frode Nilsen (Nyvald, NRK Brennpunkt) og Tarald Green-Stensrud (Nyvald, Høgskulen i Volda).

Representantskapen har bestått av 10 kvinner og 16 menn, kvinndelen har altså vore 38 prosent i representantskapen.

SKUP sin prisjury

Det har vore utskiftingar i SKUP sin jury. Tidligere leiar, Fritz Breivik (Høgskulen i Bodø) har sjølv ynska avløysing. Det har óg Karianne Braathen (Drammens Tidende), medan Steffen Fjærevik har bytta jobb frå IJ til NRK, og har blitt erstatta av di NRK alt er representert i juryen.

SKUP sin prisjury består no av leiar Thor Woje (Romerikes Blad), Lars A. Kristiansen (NRK), Ida Grieg Riisnæs (Dagens

Næringsliv), Steffen Fjærvik (Institutt for journalistikk), Kari Aarstad Aase (VG) og Svein Brurås (Ny, Høgskulen i Volda), Anne Berit Børken (Ny, Adresseavisen) og Anne Hovden (Bergens Tidende).

Juryen er sett saman av fire kvinner og tre menn, dermed er kvinndelen på 57 prosent.

Styret skuldar juryen ein stor takk for at dei også dette året har lagt ned omfattande og tidkrevjande arbeid med å vurdere dei 48 prosjekta som vart sendt inn i 2009.

I fjor vart 51 prosjekt vurdert. Etter at to prosjekt vart trekte, enda bunken med eitt prosjekt mindre enn i fjor. Flest innsendingar frå NRK (7), følgd av Aftenposten (6) og VG (5).

Nytt av året er fire nominerte bokprosjekt..

Valkomiteen

I tråd med dei gjeldande vedtektene for SKUP, har representantskapen peika ut ein valkomité som har bestått av: Line Noer Borrevik, Une Bratberg, Anne Thurmann-Nielsen og Ståle Hansen.

«For å fremje utviklinga av journalistisk metode»

HER EI gjennomgang av verksemda i perioden sidan siste årsmøte.

SKUP-prisen

SKUP-prisen 2008 gjekk til Finansavisens Morten Hofstad for prosjektet "Terra og kommunene". Hofstads utrettelege arbeid avdekka korleis norske småkommunar utan særlege kritiske røyster hadde plassert utrulege 850 millionar kroner i ugunstige, amerikanske lån.

Diplom gjekk til følgjande tre prosjekt:

Aftenpostens "Taxisvindelsakene" av Einar Haakaas og Kjetil Sæter, Bergensavisens "Server-forliset og norsk oljevern", av Trond Olav Skrunes, og VGs prosjekt "72 kvinner drept", av Anne Stine Sæther og Anders Sooth Knutsen.

SKUP-konferansen

Også fjorårets konferanse lokka meir enn 600 deltakarar til Tønsberg – totalt 638. 2007-konferansen er den best besøkte med sine 650 deltakarar. Også dei to åra før dette deltok fleire enn 600 på konferansen.

Programmet var som vanleg aktuelt, med fleire seminar knytt opp til ferske saker og debattar.

Nytt av fjoråret var bruken av såkalla hovudspor. Åtte tema vart valde som hovudtema for konferansen. Innafor desse tema kunne deltakarane følgje tre ulike seminar: eitt til inspirasjon, eitt til fordjupning og debatt, og eitt svært metoderetta. Hovudspora var: På/med nett, Norge i krig, storytelling, klima/miljø,

mangfald, bruk av kjelder, Russland/nordområda og eit spor for redaksjonelle leiarar.

Denne måten å organisere det faglege innhaldet på, vart godt motteke og blir difor vidareført. Samstundes forenkla det styret sitt fokus i arbeidet med å planlegge seminara.

I forkant av SKUP-konferansen jobba styret saman med analysebyrået Nielsen for å utarbeide ei spørjeundersøking om rasisme i norske redaksjonar. Granskinga vart gjort mogeleg med støtte frå NR, NJ og Retriever.

Det vart avdekka at kvar fjerde journalist har høyrte ytringar dei har oppfatta som rasistisk motiverte, i redaksjonen. Samstundes at tre av fire seier dei har liten kontaktflate i innvandrarmiljø. Over halvparten meiner innvandrarrar oftast blir omtala i samband med kriminalitet.

Deltakarane kunne velje mellom heile 46 ulike seminar i løpet av 2008-konferansen.

Siste års suksess "Late Night Show" vart vidareført med underhaldande temperatur og høg aktualitet på gjestane. Showet vart leia av NRKs Gry Blekastad Almås og Tv 2s Morten Sandøy.

Både teknisk og programmessig gjekk konferansen like knirkefritt som planlagt, mykje takka vera vår faste tekniskar dei siste åra, Alexander Ziegler. Han fekk i fjor god hjelp av Tone Storkaas og Frode Søreide.

SKUP-deltakarane er vane med god underhaldning laurdag kveld. I fjor sto

«Deltakarane kunne velje mellom heile 46 ulike seminar i løpet av konferansen.»

«Åtte tema vart valde som hovudtema for konferansen, innafor desse tema blei tre ulike seminar tilbudd.»

bandet Vegas og SKUP-ven Are Kalvø for dette. Tilbakemeldingane syner at styret gjer lurt i å investere i desse innslaga.

Også i fjor vart det lagt vekt på å ha profesjonelle og røynde ordstyrarar og debattleiarar på seminara. Dette har løfta kvaliteten, det skjerpar dei som sit i panelet – og gir eit kresent publikum stram regi og poengterte debattar.

Ein viktig lærdom frå fjorårets konferanse, er at seminar med få innleiarar som har noko viktig å melde, blir betre motteke enn omfattande debattar og seminar med mange innleiarar.

Frå hotellet si side vart det innført ei ny ordning med barbongar som erstatta kontant- og kortbetaling. Dette skulle gjere køane mindre, men førte i staden til stor irritasjon, av di unytta bongar ikkje lot seg veksle inn. Styret har difor bede hotellet komme opp med ei anna løysing for SKUP 2009.

Tilbakemeldingane i Questback-undersøkinga var samla sett betre enn året før, og den beste så lenge undersøkingane har vore utført på denne måten. SKUP-deltakarane har med andre ord aldri før vore så nøgde med det faglege, sosiale og arrangementstekniske ved SKUP. Styret er sjølvstolt svært nøgd og stolt over ei så god tilbakemelding.

9 av 10 meinte fjorårets konferanse var ”bra” eller ”svært bra”. Året før meinte 8 av 10 det same. I fjor gav 34,1 % toppscore. Året før gav 17,9 % det same.

Styret hadde før konferansen lagt ned eit omfattande arbeid for å friske opp

prisutdelinga på konferansen. For fyrste gong vart det laga videoinnslag om prosjekta til dei ulike vinnarane. Innslaga gav eit kort resymé av sakskompleksa og annonserte vinnaren. Dette fungerte pedagogisk, men styret ser at det bør vera juryen som utropar vinnaren, og at innslaget fyrst blir vist etter at den største applausen har lagt seg.

Responsen etter SKUP 2008

”SKUP-konferansen er et årlig høydepunkt som gir nødvendig påfyll.”

”Svært bra - innholdsrikt, gode seminarer og gode tema. Svært lærerikt. Teknisk nærmest perfekt. Profesjonelt, gjennomarbeidet og utbytterikt. Enkelte tilbud kunne vært kortere/strammere.”

”Et av tidenes aller beste SKUP-arrangement - kanskje den beste? God regi, stort sett våkne og forberedte programledere, og mye mer metodefokus enn fjoråret.”

”SKUP ga et lite kick til å fortsette journalistkarrieren, helt overbevist om at infobransjen ikke er noe for meg.”

”Jeg satte spesielt pris på at man hadde valget mellom å få vite litt om mye, eller mye om litt.”

”Med tanke på at det meste er dugnad, gjør dere en imponerende jobb. (...)Dere er fantastiske flinke og bør være stolte av dere selv.”

« Deltakarane har aldri før vore så nøgde med det faglige, sosiale og arrangementstekniske ved SKUP. »

« SKUP ga et lite kick til å fortsette journalistkarrieren, helt overbevist om at infobransjen ikke er noe for meg. »

« Med tanke på at det meste er dugnad, gjør dere en imponerende jobb. »

SKUP sin Graveskule

Den største suksessen ved sida av sjølve konferansen, er graveskulen i forkant.

Graveskulen 2009, som vanleg i samarbeid med IJ, er drifta av André Verløy og Ståle Kofoed frå IJ.

Graveskulen 2008 vart også fullbooka med 43 deltakarar. Tilbakemeldingane frå deltakarane, syner at dei var svært nøgde med kurset.

Metodefokuset på fjorårets skule vart sterkare enn året før. Kurs i excel, postjournalsøk og digital sporhund-inspirerte førelesningar vart dei mest populære.

I fjor vart det og arrangert ein eigen graveskule på hausten. Denne vart lagt til IJ i Fredrikstad i tida rundt GIJC. Også denne graveskolen vart fullbooka. Interesse rundt konseptet gjer at IJ og styret vurderar ein haustskule også i framtida.

SKUP sin Arbeidsleiar skule

Også i år vidarefører me SKUP sin arbeidsleiar skule, ein dag i forkant av konferansen. Den er lagt til rette av Kjetil Stormark frå representantskapen, og gjev eit godt fagleg tilbod til redaksjonelle leiarar og mellomleiarar.

SKUP sitt studentstipend

Som vedteke av årsmøtet i handlingsplanen for 2007-2009, skulle styret i 2008 for fyrste gong ha utlyst eit studentstipend på 15 000 kroner.

Stipendet vart ikkje delt ut i 2008 grunna dårleg marknadsføring. Før 2009-konferansen er stipendet lyst ut, og det har kome inn ein søknad.

Styret vil i neste periode jobbe for eit tydelegare samarbeid med relevante utdanningsinstitusjonar med mål om å

rekruttere fleire søkjarar til stipendet. Arbeidet vil også bli gjeve høgare prioritet internt i styret.

SKUP sine metoderapportar

Metoderapportane er publisert i sin heilskap på www.skup.no.

Finansmannen Arne Fredly har krevd at SKUP gir han innsyn i Dagens Næringsliv sin metoderapport "Rapport fra innsiden", innsendt til juryen i forkant av SKUP-konferansen i 2008. DN-journalistane Knut Gjærnes og Bjørn Olav Nordahl trakk metoderapporten før konferansen, av omsyn til kjeldevernet.

Dei ba samstundes SKUPs prisjury om å kvitte seg med kopier av metoderapporten, av omsyn til det same kjeldevernet.

Finansmannen Fredly ligg i rettsvist med Dagens Næringsliv, fordi han meiner avisa urettmessig har skulda han for innsidehandel. Fredly har difor krevd at både SKUP og DN utleverer rapporten, for på den måten å gi retten innsyn i journalistane sine arbeidsmetodar. SKUP har på si side svart at juryen ikkje har tilgjengelege eksemplar, fordi dei vart handsama i tråd med DN's ønske om å ivareta kjeldevernet.

Styret har mot slutten av perioden sett i gang arbeid for å realisere planane om eit elektronisk søkbart arkiv over alle innleverte metoderapportar gjennom tidene. Arbeidet vil bli vidareført i neste årsmøteperiode.

Tore Sandberg sitt gravestipend

SKUP-styret tok i 2007 initiativet til eit stipend for undersøkende journalistikk, i Tore Sandbergs namn. Med sitt framifrå arbeid med og for gravejournalistikk meinte styret at eit stipend i Sandberg sitt namn var ein fin og rett måte å heidre han på. Sandberg har tidligare fått SKUP-prisen.

Gravestipendet er støtta av dei fem store regionavisene, NRK, TV2 og Mecom. Stipendet er på 100 000 kroner.

Juryen var samansett av Tore Sandberg sjølv, Guri Hjeltnes frå BI, Line Noer Borrevik frå representantskapen og Håkon Haugsbø frå styret. Fem prosjekt vart sende inn til vurdering.

På SKUP 2008 vart Tore Sandberg sitt gravestipend delt ut for fyrste gong.

Blant fem kandidatar trakk Bård Wormdal i NRK Finnmark det lengste strået. Han skal drive kritisk og undersøkende journalistikk rundt problemstillingar knytt til norsk støtte av amerikansk krigføring.

Før SKUP 2009 er det kome inn ein søknad om Sandbergs gravestipend.

«For å styrke den journalistfaglege debatten»

DET ER ØNSKELEG at SKUP skal bli meir synleg i den journalistfaglege debatten, særleg i saker knytt til metodespørsmål og journalistisk metode i praksis.

Debattseminar og førelesningar

I tråd med SKUP sin handlingsplan for 2007-2009 har styret og sekretariatsleiar denne perioden hatt ei rekke seminar og foredrag, både i redaksjonar, på faglege journalistlagssamlingar og ved utdanningsinstitusjonar.

Sekretariatsleiar har halde foredrag om SKUP sin rasismesundersøking for Kontaktutvalet mellom innvandrarbefolkninga og styresmaktene (KIM).

Styreleiar har representert SKUP på graveskulen på IJ i fjor haust og innleia på Høgskulen i Volda og Nynorsk mediesenter. Han har også teke i mot ein journalistdelegasjon frå Vietnam og vitja Helsingforskomiteen. I alle høve har SKUP sitt arbeid spesielt, og metodar for kritisk og undersøkjande journalistikk generelt, vore tema.

Dei regionale konferansane

SKUP-styret har i perioden vore representert på Hellkonferansen, medan Sommerkonferansen og Hauststormen ikkje vart vitja.

Grete Holstad og Gøril Engesvik deltok på Hellkonferansen i januar 2009.

Skup.no

www.skup.no har også denne perioden blitt utvikla vidare. Både kva gjeld innhald, oppdateringar og besøk, er det mest travelt månaden før konferansen.

SKUP sine nettsider har eit stort potensiale til å bli den viktigaste nettsida for journalistar som driv kritisk og undersøkjande journalistikk i Noreg.

Det vil koste både krefter og kapital å gjere SKUP-sidene til ein nasjonal ressurs året rundt, noko styret ikkje har prioritert i dette hektiske året.

Marknadsføring

For å marknadsføre konferansen har me annonsert i Journalisten, på eigne nettsider og på Normedia-lista. Me har også nytta nettstaden Facebook for å rekruttere deltakarar til konferansen.

Sekretariatet og styret frykta mediebedriftene sine kutt som følge av annonsetørke og den internasjonale finanskrisen. Marknadsføringa har difor vorte styrka samanlikna med for eitt år sidan.

Ei påmelding på over 500 deltakarar til SKUP 2009 opplevast derfor som svært vellukka, sjølv om det er ein vesentleg nedgang samanlikna med 2008-konferansen.

«Siste SKUP»

I fjor vart hovudoppslaget i "Siste SKUP", om SKUP si rasismegransking, sitert på nyheitssendingar og nettsider heile opningsdagen. Avisa vart på 20 sider.

Redaktør Amund Trellevik gjorde eit godt arbeid med avisa, saman med handplukka journaliststudentar frå HiO og Høgskulen i Volda.

Dei drifta også nettsidene under konferansen.

«For å fremje internasjonalt samarbeid»

ANSVARET FOR GIJ 2008 har stått svært sentralt i stiftinga sitt arbeid i handlingsprogramperioden.

Samstundes har SKUP-styret følgd opp tradisjonen med deltaking i ulike internasjonale fora.

SKUP og det norske gravejournalistikkmiljøet har i perioden befestet ein naturlig posisjon blant dei leiande gravejournalistikkorganisasjonane i verda. Som konferansearrangør er SKUP internasjonalt verdsett både for den nasjonale konferansen, og ikkje minst for avviklinga av GIJ på Lillehammer i september.

GIJ 2008

SKUP fekk oppgåva å avvikle den femte internasjonale gravejournalistkonferansen.

Global Investigative Journalism Conference (GIJ) er ein samanslutnad av nær 40 ulike organisasjonar frå heile verda, inkludert SKUP og IJ.

Styret har i heile perioden arbeidd med organiseringa av GIJ-konferansen. Avviklinga av GIJ 2008 er den mest komplekse og avanserte oppgåva SKUP nokon gong har påtatt seg.

Resultatet vart då også imponerende, med 116 seminar og 505 deltakarar frå 88 nasjonar frå alle verdsdelar. Alt dette er solide rekordar for kva GIJ har stått for dei fire gongene konferansen har vore arrangert tidlegare.

Sjølv om det stod ein rekke personar bak suksessen på Lillehammer, skuldar styret ein særskilt stor takk til Jan Gunnar Furuly og Bibiana Dahle Piene. Utan at dei hadde lagt ned ei innsats utover det ein normalt kan

vente, hadde ikkje konferansen vorte den suksessen den faktisk vart.

Internasjonale og norske deltakarar fekk ei unik journalistisk oppleving gjennom ein konferanse med ei helt spesiell atmosfære. Hovudtema for GIJ-konferansen vart journalistikk rundt åtake 11. september og den såkalla krigen mot terror, undersøkinge journalistikk mot korrupsjon, etikk og sikkerheit, klima og miljø, og datastøtta journalistikk.

GIJ-konferansen hadde ikkje vore mogeleg utan norske medieverksemder og presseorganisasjonar si vilje til økonomisk og praktisk samarbeid, og ei betydeleg støtte frå Utanriksdepartementet.

På laurdagskvelden vart "The Global Shining Light Award" delt ut til Sonali Samarasinghe for hennar gransking av makt og korrupsjon på Sri Lanka for vekeavisa Sunday Times.

Den internasjonale "Daniel Pearl Award" gjekk til svenskane Sven Bergman, Joachim Dyfvermark og Fredrik Laurin for deira avsløringar om illegal handel av torsk.

Nordisk samarbeid

Samarbeidet mellom dei nordiske graveorganisasjonane er vidareført i perioden.

Nestleiar Heidi Molstad Andresen presenterte SKUP-konferansen og dømte på norske graveprosjekt under danskane si FUJ-samling i København i 2008.

Heidi Molstad Andresen, Gøril Engesvik og Hanna Førland deltok i januar 2009 saman med Gräv, FUJ og den finske foreininga på nordisk møte i København. Tema for møtet var mellom anna utvikling av nordisk samarbeid rundt dei nasjonale konferansane, det danske gravestipendprosjektet i Russland

og den internasjonale programkomiteen for GIJC i Kiev.

Dette er den fjerde nordiske samlinga, og i tråd med avtala om å møtest ein gong kvart år.

Dei nordiske organisasjonane bidrog både økonomisk og på innhaldssida til GIJ08 på Lillehammer, mellom anna gjennom ei fadderordning som gjorde at fleire journalistar frå Aust-Europa, Afrika, Latin-Amerika og Asia deltok på GIJ.

Internasjonale fora

IRE-konferansen

Jan Gunnar Furuly deltok på IRE-konferansen 2008 i Miami. Furuly nytta høvet til å selje inn GIJ-konferansen på Lillehammer og møtte viktige samarbeidspartnarar.

Nordiske gravekonferansar

Den svenske Grävkonferansen vart avvikla samstundes med SKUP-konferansen, så styret vart ikkje representert i Sverige. Heidi Molstad Andresen representerte SKUP på FUJ-konferansen i København i 2008.

Europeisk nettforum

Det nordisk-initierte arbeidet med å utarbeide eit eige nettforum for undersøkjande journalistar, har halde fram i perioden.

Nestleiar Heidi Molstad Andresen har delteke i prosessen på vegne av SKUP, og vart valt inn som styremedlem i det europeiske gravenettverket The European Fund for Investigative Journalism (EFIJ) under GIJC-konferansen. EFIJ har no lansert sin nye nettstad og lyst ut stipend som skal stimulere til gravearbeid på tvers av grensene.

Stipendmidlane er på 20 000 Euro.

Organisasjon

DEN FRIVILJUGE innsatsen er sjølv fundamentet i SKUP sitt arbeid. Både i representantskapen og styret, men også i planlegging og gjennomføring av alt arbeid som skjer i SKUP-regi.

Representantskapen og Styret er dei to årsmøtevalte organa som har ansvaret for å forvalte og drifte stiftinga i det daglege.

Styret sitt arbeid

Som vanleg har hovudinnsatsen vore retta mot å lage ein best mogeleg SKUP-konferanse i 2008, men også arbeidet med GIJ har krevd mykje arbeid, trass i at det vart sett ned eit eig utval for dette.

Styret har i år hatt fire medlem som har hatt vesentleg reiseverksemd knytt til si deltaking i styret. Gøril Engesvik og Grete Holstad frå Trøndelag, Ingvild Rugland frå Bergen og Heidi Molstad Andresen frå Ål. SKUP skuldar dei respektive sine arbeidsgjevarane ein stor takk for å koste reiseutgiftene.

Også arbeidsgjevarane til Håkon Haugsbø og Jan Gunnar Furuly har synt stor velvilje og forståing for deira store innsats for stiftinga. SKUP veit at denne velvilja frå arbeidsgjevarane ikkje er sjølv sagt.

Stort sett har styremedlemene vore flinke til å stille på møta, og å melde fråfall når det har vore naudsynt. Når journalistar i turnus sit i eit styre, vil ein aldri kunne vente, eller krevje, at alle stiller på kvart møte. Men det fordrar at det vert gjort ein god arbeidsinnsats mellom møta. Som heilskap har styret framleis ein veg å gå for å få enda betre rutine og system på arbeidet.

Trass i ein vesentleg reduksjon i talet på styremøte, fell det mykje arbeid på styret

mellom møta. Mesteparten av arbeidet er knytt til å hente inn førelesarar til konferansen. Også avtaler med underhaldning og nasjonal/internasjonalt representasjon tek tid.

Jan Gunnar Furuly har skjøtta nettsidene til SKUP og GIJ.

To styremedlem har skifta arbeidsplass i perioden: Elin Svendsen har slutta i Østlandets Blad til fordel for Romerikes Blad. Heidi Molstad Andresen er tilbake i Dagbladet etter eitt års permisjon då ho har jobba i Hallingdølen og som frilansar.

Representantskapen sitt arbeid

Representantskapen har møtt på to styremøte og vore eit rådgjevande organ for styret. I tråd med vedtektene har dei og utgjort valkomiteen i forkant av årsmøtet. Medlem av representantskapen har dessutan vore til uvurderleg hjelp i samband med partnerrekruttering til GIJ og arbeidet med SKUP sitt organisasjonsutval. Samstundes har representantskapen hjelpt til i førebuinga av SKUP-konferansen og GIJ.

SKUP-sekretariatet sitt arbeid

Dette er det fjerde året SKUP har hatt ein sekretariatsleiar tilsett, og denne investeringa er framleis svært avgjerande for styret.

Sekretariatsleiar Lars Nehru Sand sine viktigaste oppgåver har vore å førebu styremøtene, oppsummere og følgje opp viktige saker, og ta hand om ulike saksutgreiingar.

Han koordinerer også styret sitt arbeid. Saman med styreleiar er sekretariatsleiar den med størst oversikt over kva som skjer, og

« Dette året har vore eit heilt ekstraordinært og arbeidskrevjande for styret. »

saman legg dei omfattande langsiktige planar for stiftinga si verksemd..

Sekretariatsleiar Lars Nehru Sand har avlasta leiaren i stort monn, og førebudd alle møte på ein framifrå måte, slik at arbeidet har blitt meir effektivt og konkret retta. Heile styret har hatt glede av sekretariatsleiaren, fordi han alltid er tilgjengeleg – og dessutan rask til å avklare spørsmål og løyse oppgåvene.

Sidan sist årsmøte har sekretariatsleiar overtatt økonomiansvaret for stiftinga.

GIJ 2008

Jan Gunnar Furuly leia ei eiga styringsgruppe utpeika av styret. I tillegg til fleire styremedlemmar vart ytterligere medlemmar knytt til gruppa. Ein rekke personar bidrog i planlegginga av konferansen, og Maren Sæbø, Cecilie Rego, Kristin Skarvåsen, Ingeborg Eliassen og Amund Trellevik vart sentrale i arbeidet inn mot konferansen.

Frå styret deltok forutan Jan Gunnar Furuly, Håkon Haugsbø og Maria Konow Lund særleg.

Komiteen har fortløpande rapportert til styret, både munnleg og skriftleg.

Den praktiske tilrettelegginga for konferansen har sekretariatsleiar Bibiana Dahle Piene stått for, medan gruppa hadde ansvaret for programarbeidet.

Det har kosta mykje tid og krefter å mobilisere til eit arrangement i tillegg til den årlege SKUP-konferansen. Styret og styringsgruppa er av den oppfatning at GIJ i større grad enn tilfellet vart, burde vore ei felles stormobilisering av heile SKUP-rørsla.

Organisasjonsutvalet sitt arbeid

Årsmøtet ba i fjor styret om å greie ut framlegg til andre måtar å organisere stiftinga på. Styret satt difor ned eit utval som fekk i oppgåve å sjå nærare på organiseringa av stiftinga og koma med framlegg til endringar av organisasjonen og vedtektene. Utvalet har bestått av Nils. E. Øy (leiar), Trond Idås, Renie Thorleifsson, Heidi Molstad Andresen og Lars Nehru Sand. Utvalet vart satt ned før sommaren, og har arbeidd intensivt gjennom hausten og vinteren. Utvalet la fram sin sluttrapport for styret i februar. Styret kjem til å fremje sitt endelege framlegg på bakgrunn av rapporten for årsmøtet.

Økonomi

SKUP sin økonomi er styrka gjennom årsmøteperioden. Overskot knytt til SKUP-konferansen og GIJ-konferansen, er hovudårsaka til dette.

Det er ført eit særskilt rekneskap for GIJ-konferansen, i tråd med årsmøtet sitt vedtak om eit eige prosjektbudsjett for arrangementet.

Årsmøtet ba i fjor styret om betre rekneskapsrapportering, av di utgiftspostane i for stor grad vart oppsummert i hovudpostar. Dette gjorde rekneskapen uoversiktleg. Det har vore vanskeleg å forstå kva det konkret er nytta pengar til óg å samanlikne utgiftsbiletet over tid.

Styret presenterer difor i år eit meir detaljert rekneskap og budsjett. Styret har óg vedteke ein ny kontoplan, for å sikre god økonomirapportering og postering av stiftinga sine midlar.

Styret merkar seg at både representantskapen og organisasjonsutvalet er nøgde med styret sitt arbeid knytt til dette.

Stiftinga gjekk i perioden 1. januar til 31. desember 2008 med eit driftsmessig overskot på 215 132 kroner. I same periode i 2007 vart underskotet på 49 653 kroner.

Både SKUP-konferansen og GIJ-konferansen gjekk med overskot. Overskotet for SKUP-konferansen er 50 000 mindre enn budsjettert, hovudsakleg grunna auka lønsutgifter og mindre driftsinntekter enn budsjettert.

Medan SKUP sin egenkapital ved inngangen til 2008 var på 962 564 kroner,

var egenkapitalen ved inngangen til 2009 på 1 177 696 kroner.

Stiftinga sine totale inntekter var 7 000 789 kroner, medan utgiftene var på 6 841 780 kroner. Det er GIJ-konferansen som står for hovuddelen av omsetjinga, medan SKUP-konferansen som budsjettert omset for om lag 1,5 millionar kroner.

Det er nytta vesentlege summar på å heve innhaldet på konferansen og drifta av sjølve konferansen. I tillegg kjem drift av eige sekretariat.

SKUP hadde i 2008 658 259 (309 342 til SKUP-konferansen) kroner i lønskostnader, mot 300 636 kroner året før. Ved

forhandling av kontrakt for perioden august 2008 til juni 2009, vart løna for sekretariatsleiaren oppjustert med 6 prosent, i tråd med gjennomsnittleg lønsvekst. Det er fyrste lønsjustering

sidan ordninga med sekretariatsleiar vart starta i 2005. I driftsåret har sekretariatsleiar også fått auka ansvarsområde. Det har vore naudsynt for å gjennomføre arbeidet utan å belaste styremedlemene ut over det dugnadsanda tillèt. Løn før skatt er no 26 232 kroner pr månad.

Styret har jobba mykje med å forhandle fram og gjennomgå hotellavtaler. SKUP sitt samarbeidshotell må ta ein større del av dei tekniske kostnadene knytt til gjennomføringa av konferansen. Den økonomiske effekten av betre avtaler har styret valt å ta ut i form av meir profesjonell teknisk avviking av seminara. Dette er ei investering i eit betre totalprodukt.

« Dagens økonomi gjer SKUP robust nok til å kunne motstå ein periode med ein særskilt tøff økonomisk situasjon for bransjen. Styret er svært avhengig av, og glad for, den trygginga dette gjer. »

Styret ser ein direkte samanheng mellom ein konjunkturfølsom økonomi hjå dei fleste medieverksemdar, og deltakinga på SKUP. Difor er styret opptekne av å oppretthalde ein solid økonomi for stiftinga. Me står også framfor eit 20-års jubileum som truleg vil krevje eit ekstra økonomisk lyft. Samstundes er styret opptekne av at SKUP er ei ideell stifting utan mål om å produsere store overskot kvart år.

SKUP sin viktigaste bidragsytar og støttespelar er Norsk Journalistlag (NJ) og Institusjonen Fritt Ord. I 2008 fekk SKUP og støtte frå Norsk Redaktørforening til sjølve SKUP-prisen. Styret er takksame for støtta frå alle tre organisasjonar. Styret takkar også for at NJ har vidareført ordninga med reisestipend frå vederlagsmidla.

I 2008 gjekk styret vekk frå ordninga om å tilby ei lågare påmeldingsavgift for deltakarar som meldte seg på SKUP i god tid. Medan avgifta i 2007 var på 1 550 kroner eller 1 850 kroner, avhengig av om påmeldinga kom før eller etter ein fastsett frist, var den i fjor på 1 900 kroner uansett. Hotellpris og tekniske avgifter kom i tillegg (3 105 kr. og 470 kr for overnatting i enkeltrom).

I 2009 er ikkje konferanseprisen auka, men dei tekniske overføringane er flytta frå hotellprisen til deltakaravgifta. Den vesle prisauken frå 2008 til 2009 skuldast prisnivåjusteringar frå hotellet si side. Styret vil at totalprisen ikkje skal skremme journalistar i små- og mellomstore medieverksemdar frå å melde seg på SKUP.

Dette inneber at SKUP også i framtida vil vera avhengig av det store friviljuge engasjementet og dugnadsarbeidet som blir lagt ned i stiftinga sitt arbeid, og den forståinga redaksjonane syner med omsyn til dette. Det er avgjerande at redaksjonane i framtida held fram med å sende deltakarar til SKUP-konferansen.

Auka driftsutgifter utan tilsvarende auka driftsinntekter vil over tid svekke SKUP sin

økonomi. Eit nytt styre bør vera merksame på dette og søke nye inntektskjelder for å sikre økonomien.

Dagens økonomi gjer SKUP robust nok til å kunne motstå ei periode med ein særskilt tøff økonomisk situasjon for bransjen. Styret er svært avhengig av, og glad for, den tryggleiken dette gjev.

GIJ-økonomien

Årsmøtet i 2006 godkjente at det vart sett til sides 300.000 kroner av SKUP sin eigenkapital til eigenkapital for GIJC. Desse midla vart ikkje disponert. Midlane går difor attende til SKUP, i tråd med note i GIJ-budsjettet.


GIJ-konferansen hadde ikkje vore mogleg å gjennomføre utan eit breidt nettverk av samarbeidspartnarar. Direkte støtte, stipend og fadderskap bidrog til den omfattande deltakinga og den økonomiske sikringa av arrangementet.


UD, Fritt Ord, NJ, NR, Kopinor, Internasjonal Reporter, European Journalism Centre, Open Society Foundation, Retriever, Tobacco-Free Kids, Aftenposten, Schibsted, A-pressen, Edda Media, Segerstedts Minnefond, Mediebedriftenes Landsforening, Den Norske Fagpresses Forening, Magasin- og ukepresseforeningen, Pressens stipendfond, Gudbrandsdølen Dagingen, GDs redaksjonsklubb, Dagsavisen, Henne, Adresseavisen, NTB, Bergens Tidende, VG Nett, Dagbladet, NRK, Oppland Arbeiderblad, Dagens Næringsliv, P4, Hjemmet Mortensen, Stavanger Aftenblad, Drammens Tidende, Sunnmørsposten, Østlandets Blad, Sandegjords Blad, Haugesunds Avis, Trønder-Avisa og Vårt Land bidrog alle til å gjere GIJ til ein suksess. Styret skuldar dei alle ein stor takk!

Reknskapen er sett fram under føresetnad av vidare drift.


Oslo, den 3. mars 2009

Styret i Stiftelsen for en Kritisk og Undersøkende Presse (SKUP)



Hakon Haugslø
(Styreleiar)



Heidi Molstad Andresen
(Styret sin nestleiar)


Ingvild Rugland
(Styremedlem)



Jan Gunnar Furuly
(Styremedlem)



Atta Ansari
(Styremedlem)


Maria Konow Lund
(Styremedlem)


Hanna Førland
(Styremedlem)


Gøril Engesvik
(Styremedlem)


Elin Svendsen
(Styremedlem)


Rolf Widerøe
(Styremedlem)